



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON

INFORMASJON

Nr. 1 - mars 2026 - årgang 71

Som den gylne sol frembryter
gjennom den kullsorte sky og sin
stråleglans utskyter, så at natt og
mulm må fly, så min Jesus av sin grav
og det dype dødens hav oppstod
ærefull av døde imot
påskemorgenrøde
(NoS 190)

Foto: Jostein Lunde

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege felles-
råd. Nedregata 50, 2640 Vinstra

Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00. Tlf.: 612 16 290

Sekretær:

Venke Helen Sletten. Tlf.: 612 16 290

Kyrkjevevjerje:

Morten Hagen Tlf.: 612 16 292
Mob.: 975 36 584

Sokneprest i Sødorp og Kvikne

Caroline Serck-Hanssen (i permisjon til 1.
juli) Mob.: 918 44 838

Sokneprest i Kvam og Skåbu

Benjamin Fjellheim Olsen
Tlf.: 612 16 294. Mob.: 403 12 795.

Diakon og kyrkjelydspedagog

Per Øyvind Fredin
Kontor: 612 26 272. Mob.: 401 65 789

Kyrkjemusikar:

Iren Falkenau. Mob.: 967 39 550

Organist:

40% stilling er utlyst

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:

Liv Randi Sundhagen. Mob.: 481 24 885

Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen. Mob.: 456 06 026

Atle Kolloen. Mob.: 906 90 334

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:

Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

Kyrkjetenar:

Svein Fredrik Kjærstad. Mob.: 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:

Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:

Bente Varpestuen. Mob.: 906 27 850

Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf.: 612 30 536

Redaktør, Kyrkjebladet

Kristin Hareide Vesteraas.
Mob.: 991 53 857

Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.
www.dg-trykk.no
Tlf.: 61 27 73 50



www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døpte

KVAM:

Signe Strandheim-Tagestad

SØDORP:

Tiril Praner Lien

KVIKNE:

Amalie Slåsletten Lyngstad
Emilie Wilhelmsen Silli

SKÅBU:

Jon Anders Ekre
Magnus Berglund Løkken



Vigde

SØDORP:

Mona Randsted og Svein Roger Aanstad
Torunn Brandvold og Håkon Alexander Fosmo
Ingrid Grønn og Bendik Bøthun
Leni Bynne og Simen André Johansen
Beathe Lillegård og Marius Løkken



Døde

KVAM:

Palma Rasset
Arild Roger Brendemoen
Ingrid Magnhild Nordlien
Kjell Oddvar Lihaug
Hilmar Karljohan Vilhelmsen

SØDORP:

Solfrid Helene Gjerdengen
Ola Fjellseth
Signe Josten
Marit Johanne Kolseth
Liubov Rostkovska
Inger Tron Klypen
Steinar Bøløkken

KVIKNE:

Anne Smikop
Anne Aasmundstad
Eldbjørg Lovise Rasch

Dette kyrkjebladet inneheld informasjon, refleksjonar og innhald som er meint å vere til inspirasjon og opplysning for lesarane. Artiklar, medvit og meiningar som kjem fram, står for forfattarane sine egne syn og treng ikkje nødvendigvis å representere den offisielle haldninga til soknet eller Den norske kyrkja.

Vi strevar etter at all informasjon skal vere korrekt på utgjevningsstidspunktet, men tek atterhald om feil, endringar i program og uventa justeringar. Kyrkjebladet er ikkje ansvarleg for eventuelle misforståingar eller følgjer av bruk av informasjonen.

Kyrkjegardsdugnader våren 2026

Kvam: Dugnad vert onsdag 22. april kl. 10:00 til 15:00

Sødorp: Dugnad attmed kyrkja vert onsdag 22. april kl. 10:00 til 15:30

Dugnad attmed kapellet vert torsdag 23. april kl. 17:00 til 20:00

Kvikne og Skåbu: Info vert annonsert seinare.

Ta med kopp og rive! Sokneråda serverer kaffi.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas
Redaksjonskomite: Per Øyvind Fredin, Bjørge
Marit Hoel (Skåbu), Liv-Elin Aasmundstad
(Kvikne), Tone Berit Øyen (Kvam) og
Berit Elisabeth Tangvik (Sødorp)

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut før
sommeren. Frist for stoff: **22. mai.**



STØTT KYRKJEBLADET!
VIPPS TIL 598171

Kyrkjekontorets e-post-adresse: venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

Kontonummer: 2095.49.59768

Ja, eg trur på korsets gåte!

Av Biskop, Ole Kristian Bonden



Påskeevangeliet er fantastisk. Det er utgangspunkt for verdas største rørsle av håp. Det er ei forteljing som gjev menneske tru på livet og kjærleiken – trass alt.

«Det leitar mange etter no, anten dei sver til Gud eller ikkje», skreiv Aftenpostens kommentator Nazneen Khan-Østrem i ein kronikk rett før påske i fjor. Der minna ho om påska sitt grenselaust store budskap i møte med livets og verdas bølgedalar, og la til: «Jesus døydde trass alt ikkje på krossen for at nordmenn skal ha påskeferie.»

«Eg er redd for å bli redd», seier Peder (15) i NRK-dokumentaren «Team Pølsa». Det er fleire enn meg som vart imponert og rørt av dei seks ungdommane og trenaren deira, Øystein «Pølsa» Pettersen. Seks ungdommar med ulike diagnosar og funksjonsnedsetjingar som skal gjennomføre eit skirenn under ski-VM i Trondheim. Etter første episode byrja eg berre å gråte. Eg vart overvelda av det som skylte over meg der eg sat i godstolen.

Dei lever med diagnosar som ikkje let seg lækja, og døden så tett på kroppen. Og dei er jo berre born. Og sjølv om dei skulle klare å koma i mål i skirennet, blir dei jo ikkje lækja. Men Peder er sterk og uthaldande, med kjenslene utanpå kroppen og med eit stort hjarte for alle. Og det er dei menneskelege eigenskapane som rører meg mest. Mot, audmjukskap, men òg sinne. Korleis dei er med kvarandre, som lag.

Og då den beskjedne og stillfarne Sunniva (14) – laget si trygge hamn og kaptein – held i stavane saman med Syver (13), han som inspirerer og tek utfordringar på strak arm og ser løysingar trass barnedemens og at han ikkje

lenger ser – og saman køyrer ned den brattaste bakken i Granåsen på isføre og med dødsangsten i spora i siste episode – då minner det meg samtidig om håpet i den tomme grava.

For kva er håp? Og kva slags framtid kan vi håpe på?

Helt sentralt i påska og i den kristne trua er håpet. Håp for oss sjølve og for verda – basert på trua om oppstoda. For det kristne håpet er noko anna enn optimisme og tru på framsteg og framgang. Håpet som vekkast ved den tomme grava er noko anna, forankra både i Guds skaparvilje og Gudsrikets løfte.

Håpet handlar om kva slags makt som er sterkast, og kva slags Gud vi eigentleg prøver å setje vår lit til. Det er eit håp som er uløseleg forankra både i krossen OG den tomme grava. Det er forankra i Jesus sjølv. Han som gjer at også vi kan halde fast ved håpet om Guds nærvær i lidinga, om oppreising på botnen av tilværet og om kjærleiken som er sterkare enn døden.

Håpet om æva er kanskje ikkje det vi er mest opptekne av i vår tid, men håpet som ligg i den tomme grava handlar i sitt djupaste om det evige. Det handlar ikkje berre om håpet om betre tider, men om sigeren over døden og dødskreftene, og at Gud ein gong skal gjere alle ting nye.

Det er kraft i dette, sjølv om vi veit at vi alle skal døy ein gong. Det gjev kraft til håpet og ei framtid i livet og kjærleiken si retning – uansett. Vi er ein del av ei håpsrørsle.

God påske!

*Ole Kristian Bonden
Biskop*



Foto Lars Martin Bøe

Kyrkjeleg undervisning og læring vinter og vår 2026

Tekst: kyrkjelydspedagog, Per Øyvind Fredin. Foto: Lena Ljungstrand og Solrunn M. Randen

Helga 31. januar og 1. februar arrangerte vi Koder i Bibelen og Tårnagent i Nord-Fron. Koder i Bibelen er ei samling for 6.-klassingar som ynskjer å vite litt meir om kva Bibelen handlar om. Å finne fram i Bibelen krev ein viss oversikt. *Både Koder i Bibelen og Tårnagent* er to aktivitetar der barn på to ulike alderstrinn vert kjent med Bibelen.

Å kunne tenke abstrakt kjem med alderen.

Forskaren Piaget (1896-1980) såg mønstre i barn sin utvikling som sa noko om når dei kunne meiste ulike kunnskap og læring. Mellom 2 og 7 år treng barn å knytte kunnskap til materielle gjenstandar. Difor er det viktig å gje dei oppgåver knytt til konkrete ting.


Den neste fasa i barn sin utvikling seier Piaget er frå 7-11-års alder – alderen til Tårnagentane. På Tårnagentsamling løyser 8-åringar oppgåver som tar utgangspunkt i Jesus-ord. Dei får på ein måte testa seg litt ut. Og eg kan forstå at Bibelen kan for å fortone seg gåtefull for barn, men òg vaksne. Jesus snakka i det som heter heiter allegoriar, som er komplekse metaforar. Eit døme på det finnes i eit av løysingsorda i Tårnagent-mysteriet «Eg er lyset i verda». Først når barna er frå 11 år, kan barna eigentleg gjennomføre abstrakte logiske resonnement utan tilgang på konkrete gjenstandar, seier forskinga til Piaget. Sjølv om vi menneske med åra vert meir kjent med å tenke abstrakt, er vi framleis veldig opptatte av bevis. Lærerveinen Tomas var som vi veit òg i tvil. Han måtte sjå Jesus sjølv for å tru at han var oppstått. Da Jesus syna han såra på hendene og føtene, vart han overtydd. Vi høyrer om at Jesus kom til oss i kjøtet. At Gud er menneske vert enklare for oss.

På Tårnagent vert 8-åringane og kjent med Kvam kyrkje, både kjellar, orgel og tårn. På den måten får dei konkret oppleve noko handfast. Etterpå var dei med på gudstjeneste og fekk smake på Venke sin konkrete Tårnagentkake.

Kjelder

Skodvin, A. (2023). *Opphavet til Vygotskys perspektiver: Piagets og Vygotskys teorier om barns utvikling av tenkning og tale.*

- I A.-C. Faldet, T.-A. Skrefsrud & H. M. Somby (Red.), *Læring i et Vygotsky-perspektiv: Muligheter og konsekvenser for opplæringen* (Kap. 2, s. 19–41). Cappelen Damm



Våre neste aktivitetar i Kyrkja



Laurdagsklubben

Denne vinteren og våren vert det Laurdagsklubb med song, kreativ verkstad, bibelforteljing og lunsj. Alle som vil bli med er velkomne til klubben:

I Sødorp kyrkjestugu 11. april på Vinstra
frå kl. 11:00 til 13:00.
Og på **Kirketeigen i Kvam 16. mai** frå
kl. 11:00 til 13:00

Klubben er leia av Kathrine Ruset Sletten
E-post: khruset@hotmail.com
Mobil: 950 86 708



Babysang

Sør-Fron kapell 26. mars
kl. 10:30 til 12:00

4-årssamling for heile Nord-Fron

29. april kl. 17:30 – oppmøte på Nord-Fron bibliotek



Utdeling av 6-årsbok

Kvikne kyrkje 29. mars kl. 11:00



Krøllemesse og utdeling av krøllebok for heile Nord-Fron

Kirketeigen i Kvam 14. juni kl. 11:00



Følg og lik Laurdagsklubben Vinstra og Kyrkja i Nord-Fron på Facebook

Attende til røtene i Nord-Fron

Tekst: Ben og Ingeborg Hartjes og Per Øyvind Fredin

Kyrkjetenar Ben fikk ein telefon frå Per Kåre Berget (tidlegare kyrkjetenar frå 1. oktober 1998 til 1. januar 2012) om at nokre amerikanarar ville besøke kyrkjene i Kvikne og Skåbu.

Det vart gjort ein avtale mellom amerikanarane Colleen Nelson Swanson og Karen Nelson (som er Colleen sitt søskenbarn) (Foto 1), og Ben. Seinsommaren 2025 besøkte damene Nord-Fron for å bli kjend med si historie, og kvar deira familie hadde sitt opphav.

Vigselstolane (Foto 2) i Skåbu kyrkje hadde ei lenke til amerikanarane. Det skulle syna seg at puta på stolane vart vevd av Sigmund Hernes, som drog fleire gonger til USA, der han vart ven med Karen sin bestefar, Fred N. Nelson. Venskapen må har vore av betydning, for Karen og Colleen vart motivert til å sjå stolane i Skåbu med eigne augo. Stolane var opphøveleg eit handverk gjort i samarbeid mellom Hernes og Krogenæs.



Foto 2: Vigselstolane i Skåbu kyrkje



Foto 1: Karen og Colleen i Skåbu

Sigmund Hernes hadde altså fyrst kontakt med deira bestefar. Og dei trur Sigmund forska på slektshistoria deira. Besteforeldra deira besøkte Sigmund i Noreg eit par gonger, og Sigmund besøkt òg dei då han kom til Statane. Han heldt fram som ein ven av familien gjennom jamleg korrespondanse med far til Karen, far til Colleen, og resten av familien. Sigmund Hernes er eit kjent namn – og ein kjær ven i deira familie.

Slektsforskinga til Sigmund Hernes vart bekrefta. Det skulle syna seg at damene hadde aner i Noreg, og Kvikne. Deira oldefar, Amund Nilsen (Amund E. Nelson i USA) (Foto 3), vart fødd i 1867 i Kvikne. Han utvandra med sin far, Nils Østensen Sandbakken og mor Mari Johansdotter og nokre sysken i 1871. To brør hadde utvandra før resten av familien. Dei kom til Wisconsin og busette seg etter kvart i området rundt Alden. Amund vart eigar av ein landhandel som heldt seg i familien i tre generasjonar. Foreldre (Foto 4) og besteforeldre til Amund hadde levd kring Skåbu.

Namnet Sandbakken vart halde levande i familien i Statane i heim, på køyretøy og i andre samanhengar, der dei brukte kallenamnet «Sandbakken»! Colleen og Karen er svært stolte av opphavet sitt. Deira forfader Amund vart døypt i Kvikne kyrkje. Å få kome inn og sjå dåpsfatet som vart brukt då han vart døypt, røyrrer Colleen framleis til tårer.

Digitalarkivet inneheld òg denne dataen i sin database.



Foto 3: Oldefar, Amund Nilsen frå Kvikne



Foto 4: Colleen og Karen sin tipp tipp oldefar, foreldra til Amund: Nils Østensen Sandbakken og Mari Johansdotter



Greg, mannen til Colleen.



Desse to bilde er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?



- Driv du med sport?
- Ja, eg speler sjakk.
- Det blir du vel ikkje sliten av!
- Jo, eg blir heilt matt.



Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

723 633

Det mystiske agentalfabetet:

፡ ማንኛውም አባል የሚችልበት ቅርጽ ነው።

A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

**Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!**


Desse oppgåvane er henta frå bladet.

**Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00**



Labyrint

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen

Vits:

- Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
- Det var då kjipt!
- Ja, eg saknar klassen litt.

Post Mortem – En kveld om døden

Foto: Svein Falkenhaus og Per Øyvind Fredin. Tekst: Per Øyvind Fredin

Fredag 13. februar, dagen før Valentinsdagen, er det duka for eit møte med døden. Det er Bakken Begravelsesbyrå som inviterer inn i Kvam kyrkje denne kvelden. Førestillinga opnar med at eit følgje berer ei kiste inn i kyrkja til tonane av «Also sprach Zarathustra» (Richard Strauss).

I dei neste to timane får vi høyre forfattar Tor-Håkon Gabriel Håvardsen fortelje om vegen til å bli gravferdsagent og livet i bransjen.

Som føredragshaldar held Håvardsen nerven den tida foredraget varer. Han fortel om alt frå unge vaksne år, då han spela trommer i punkband til møtet med både uheldig og lukkeleg kjærleik, og den traumatiske opplevinga han hadde i fasen før han vart far. Ein fase han kom seg gjennom, og er nå lukkeleg i farsrolla.

Foredraget er ganske variert. Han spelar på alt frå galgenhumor til tørre vittigheiter. Det er fleire damer enn det er menn i Kvam kyrkje denne kvelden. Og grunnen for at det er menn der, er ifølge Tor-Håkon, at den betre halvdelan har drive dei dit. Med sjølvtilitt, ein «eg er-meg-sjølv-rolle», guidar han publikum gjennom historia til dei fyrste gravferdsbyråa til fakta om kva som skjer når mennesket dør, fysisk sett.

Det er ikkje kvar dag vi tilhøyrarar i Kvam kyrkje får sjå Mannen med ljåen lyse på eit lerret framfor altertavla. Men det gjer vi i kveld. Ordtalet «Memento mori» - husk du skal dø, vekker refleksjonar. Sjølv om Håvardsen fortel på ein kul og rett fram måte, gjer han publikum klar over alvoret som eksisterer i bransjen. Vi skal alle dø. Alle som dør, har hatt eit liv. Og det er dette livet som vi alle må ha respekt for. Og dette løfter foredraget



Gravferdsagentane Kjellaug Bakken og Tor-Håkon Gabriel Håvardsen

– nerven mellom det som er morosamt, tøft, kult og det som er alvor. Det som vi må ha respekt for. Vi kan kalle det livet.

Kari Hanne Rudrud akkompagnert av Iren Falkehaug startar og rundar av kvelden med flott musikk og song.



Ja på Valentinsdagen i Sødorp kyrkje



Leni Bynne og Simen André Johansen



Musiker og stab



Beathe Lillegård og Marius Løkken



Mona Randsted og Svein Roger Aanstad



Ingrid Grønn og Bendik Bøthun



Torunn Brandvold og Håkon Alexander Fosmo

Drop-in vielser var på agendaen for fyrste gong i Nord-Fron! Laurdag 14. februar på Valentinsdagen sa fleire par 'ja' i Sødorp kyrkje! Denne dagen var det 20 par som via seg i Innlandet. Seks av dei var i Nord-Fron. Når som helst kan Kyrkja i Nord-Fron legge til rette for fleire enklare vielser. Ta kontakt med kyrkjekontoret!



DEN NORSKE KYRKJA
Nord-Fron kyrkjelege fellesråd



FAKTA om fasteaksjonen 2026



Foto: Per Øyvind Fredin



Foto: Lena Ljungstrand

I år som før minner konfirmantane i Nord-Fron oss på Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Her er Sødorp-konfirmantar med bøsse.

Kva er Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon?

- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er den nest største bøsseaksjonen i Noreg etter TV-aksjonen. Pengane som vert samla inn går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda.
- To veker før påske går rundt 40 000 frivillige bøsseberarar i 1200 norske kyrkjelydar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

- Aksjonsdagane i Nord-Fron 2026 er 23.–24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.
- Kirkens Nødhjelp arbeider med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Vi arbeider for fred og rettferd, og for å redde liv.

Kva går pengane frå aksjonen til?

- Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon vert det samla inn pengar til både naudhjelp i katastrofar og langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda.
- Vi har særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadene det skaper for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda.

Eksempelland 2026: Etiopia

- Etiopia er eitt av landa Kirkens Nødhjelp og våre partnarar er til stades i.
- Under halvparten av innbyggjarane i landet har tilgang til reint vatn, ifølgje FN.
- Kirkens Nødhjelp og våre partnarar bidreg til reint vatn for befolkninga fleire stader i Etiopia og i andre land der vi er til stades.



Tenk deg ein kvardag utan tilgang til reint vatn.

Dette er røynda for 800 millionar menneske. Støtt arbeidet vårt for reint vatn til dei som verkeleg treng det.

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Mi finaste salme

Skrevet av Bjørg Hoel
Intervju med Anne Mette Blekastad

Eg møter Anne Mette på Skåbu bygdahus der ho førebur ein ny øvingskveld med Skåbukoret. Ho er ei blid og positiv dame som straks seier ja til eit intervju. Ho fortel at ho voks opp i ein heim med mykje song og musikk. Da tida kom at ho skulle søkje seg vidare til ein anna skule, så vart valet ein kristen folkehøgskole der ho gjekk på musikklinja, og vart godt kjend med salmar frå der. I 1990 var ho med å starte Skåbu barnegospelkor, og seinare vart det vaksenkoret og ungdomskoret, så ho leia 3 kor. Skåbukoret er i dag både vaksne og born.

Kva er favorittsalma di, Anne Mette?

Ho svarar at ho har så mange å velja i, men «Deilig er jorden» er den ho likar best. Kvifor likar du denne så godt? Ho seier at ein kan tolka teksta på så mange vis. Teksta nevner både generasjonar, gode ønskje og håp for framtida.

Kva slags salmar liker du å syngje?

Eg liker salmar med fin harmoni og eit godt budskap.

Er salmane viktig for di oppleving av gudstenesta?

Ho svarar at salmane er viktig for kjensla av delaktighet i gudstenesta.

Eg takkar for samtala og får med meg ein klem på vegen og ønskjer lykke til med øvinga.

«Deilig er jorden» er ein salme mange forbind med jula. Den blei skriven av danske Bernhard Severin Ingemann (1789-1862) i 1850. Melodien til salmen har ukjent opphav, men tidlegaste trykte kjelde er ei samling tyske folkesongar frå 1842.

*Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradys med sang.*

*Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den,
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød.
Fred over jorden,
menneske fryd deg.
Oss er en evig Frelser født*

Forsongarar søkast

Vi ynskjer forsongarar til å forsterke songen i kyrkjene våre.

Kyrkja vert eit betre sted å vera med musikk og song. Vil du vera med å bidra til songinnsats? Det er primært gudstenester vi treng meir song. Liker du å syngje, og vil vera med i ei korgruppe?

Kontakt

Iren Falkenhaus

Organist

Iren.Falkenhaus@nord-fron.kommune.no

Mobil: 967 39 550

Nord-Fron kyrkjekontor

Tlf: 612 16 290



Kyrkjeverje informerer:

Etablering av namna minnelundar ved Sødorp og Kvam kyrkje

Nord-Fron manglar i dag namna minnelundar ved fire av fem kyrkjestader. Samstundes aukar etterspurnaden etter kremasjon og urnegravplassar.

Ein namna minnelund er:

- eit tilrettelagt, moderne og verdig gravområde for urner
- eit gravfelt der namna vert samla på ei felles minnetavle
- ei gravløyning som krev minimalt vedlikehald samanlikna med tradisjonelle urnegraver
- ein verdig og roleg minnestad for etterlatne
- livssynsnøytral og open for alle
- mykje brukt i mange kommunar som eit moderne og kostnadseffektivt gravtilbod

Dette er ei løysing innbyggjarane i Nord-Fron i aukande grad etterspør.

Det er sett av midlar til etablering av to namna minnelundar i 2026, ved Sødorp og Kvam kyrkje.

I Nord-Fron finst det i dag ei namna minnelund på Skåbu kyrkjegard.



Illustrasjonsbilde

KONFIRMAN*

2026

Sørdorp kyrkje

Fotografering skjer laurdag 9. mai kl. 09:00 for alle Sørdorp-konfirmantane

Laurdag 9. mai kl. 10:00	Laurdag 9. mai kl. 12:00	Søndag 10. mai kl. 11:00
Emil Nygaard Bjørnvold Mariell Bøe Østen Iver Nordli Gunstad Gina Anita Tangen Hage Lisa Grande Haugen-Ottesen Gabriella Johnsgård Sia Elise Schillums Justesen Oline Kolloen Ellen Plassen-Brandvol Aksel Haugen Solhaug Mari Tessneset Otilie Skogstad Øybrekken Tord Steine Lien	Oda Byrløkken Martin Bjørkheim Dokk Simen Leander Hagen Nomi Røen Heide Johannes Karenstuen Trym Klypen Julie Myreng Marielle Evensen Rundtom Åsa Ruset Sletten Sofia Støstad Magnus Kraggerud Wadahl Anna Øyen	Oda Marie Kirkeeng-Kvernstuen Mateo Alexander Rustbakken Markus Storbråten 

Dei som vil levere helsingar/gåver til Sørdorp-konfirmantar, må levere dette på Sørdorp kyrkjestugu seinast laurdag 9. mai kl. 10:30.

Kvam kyrkje	Kvikne kyrkje	Skåbu kyrkje
Søndag 24. mai kl. 11:00	Laurdag 30. mai kl. 11:00	Laurdag 6. juni kl. 11:00
Elias Aspeslåen Ida Bjørnstad Aksel Holen Grøndal Sunniva Johansen Kevin Kolloen Elias Holten Lien Mattis Markrud Oskar Markrud Emil Meldal Moen Håkon Svendstad Moen Jenny Slettkoloen Myren Therese Veronika Blekastad Saglien Mie Ottestad Wilhelmsen	Tord Sletten Eivind Sylte Per Arne Risdal Vaterland	Aksel Berglund Ellef Skuterud Mathea Groven Vaal 

Fotografering skjer ved kyrkjene ein halv time før gudstenesta startar.

50-Årskonfirmantar i Kvikne 2025



F.v.: Kristian Ekre, Anne Marit Rusten, Arne Dahlen

Redaksjonen seier seg lei for at bildet med 50-årskonfirmantane frå Kvikne ikkje vart med i førre nummer.

Matutdeling for 2025

Kyrkja sitt diakonale tilbod *Matutdeling* har sidan desember 2022 delt ut mat til innbyggjarar i Fron. Her er litt data frå 2025:

Månad	Talet avtalar	Henta for og levert til *
Januar	49	110
Februar	41	75
Mars	50	89
April	56	95
Mai	53	115
Juni	45	76
Juli		
August	31	72
September	38	91
Oktober	32	70
November	41	94
Desember	40	102
Totalt:	476	989
Gjennomsnitt	43	

Talet på personar som hentar mat står i kolonnen *Talet avtalar*.

* Innbyggjarar frå familiar / hushald med fleire enn ein, eller som er i nær kontakt med personar som av ulike årsaker vil ha hjelp med mat, men ikkje kan koma på utdelinga sjølve, hentar for fleire. Kolonnen *Henta og levert til* gjeld difor personar som *får* mat.

Tendensen peikar på at om lag ein stad mellom $\frac{1}{4}$ og $\frac{1}{3}$ av mottakarane er barn. Det er forsørgjarane som hentar for dei.

Som dykk kan sjå er tilbodet aktuelt. For å kunne dele ut, er vi fortsett avhengig av både økonomisk støtte og eldsjeler for å drive innsatsen.

Vi er veldig takksame for dykk som støttar oss! Utan dykk hadde ikkje dette vore mogleg.

Eldsjeler / engasjerte / frivillige – oss er med i innsatsen



Støtt matutdelinga til kyrkja ved vippse

598171 og vel kategorien "**Matutdeling**" eller skann Qr-koden:



Kontonummer til fellesrådet er:
2095.06.14537 (merk med matutdeling)

STILLINGSANNONSE - DIAKONIEN

TRENG FRIVILLIGE

Diakonitenesta har no to prosjekt som er i drift: Matutdelinga og Vaketenesta for alvorleg sjuke og døyande og deira pårørande. Den første er nok kjend for de fleste, vaketenesta er nok ikkje så kjend for alle. For å ha mange nok med i vaketenesta treng vi fleire personar, gjerne med ein helsefagleg bakgrunn. Dette er likevel ikkje noko absolutt krav.

I tillegg planlegg vi no ei tredje teneste: Avlastningstilbod for heimebuande menneske med demens og deira pårørande. Dette blir ei oppgåve som blir utført i heimen, truleg over 2-3 timer, gjerne annakvar veke. Det kan også vera aktuelt å vera med på ymse aktivitetar eller sjølv ta initiativet til dette. Omfanget av denne tenesta er ikkje klarlagt enno, så det er ope for justeringar etter kvart. Dei som er med i dette, kan regne med å få noko rettleiing frå kvalifisert helsepersonell.

Vi har ikkje noko krav om formelle kvalifikasjonar, men du må ha interesse for arbeidet for personar med demens.

Er du interessert eller vil ha fleire opplysningar, ta kontakt med:

Diakon Per Øyvind Fredin,
e-post: per.fredin@nord-fron.kommune.no
Tlf: 401 65 789

Per Arne Vesteraas,
e-post: perarnevesteraas@gmail.com
Tlf: 970 82 062



Ekstra gåver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

Kontonummer: 2095 49 59768

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389

Takk for di støtte! *Helsing redaksjonen*

Din lokalbank er tilgjengelig
når du trenger det!

SpareBank 1
GUDBRANDSDAL

Bank
Eiendom
Regnskap

Vi takker alle våre sponsorer.
Ønsker du som bedrift annonse
i kyrkjebladet, kan du ta kontakt
med kyrkjekontoret

FRON BYGG

JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS
• Innskriftsjoner
• Oppussing
• Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no



BYGGER VARIGE VERDIER

OM Bakken Bygg AS

ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER

LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter
for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



HÅREK FRISØRSALONG -KVAM-

Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181



HUNDEPENSJONAT - VINSTRA

Tlf. 971 88 621



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleeng, 99 58 29 43
Nina S. Veikleeng, 94 83 25 40
Døgnvakt!



DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

BRØDRENE KROK

Salg & Service
HIKOKI

SENTRUMS HJØRNET

Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00



Alt innen vask og rengjøring
Nedregata 58, 2640 Vinstra
Mobil: 948 49 807

FronTraktorService

2640 VINSTRA

Tlf. 61 29 24 60

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe



Hundorp Rørleggerservice AS

Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90
E-post: post@hundorpror.no

www.hundorpror.no



Peer Gynt KJØPESENTER

www.peergyntsender.no

Vekstra

Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:
engelcatering.no

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:
mob: 9110 2530
engelbrev@gmail.com

ENGEL
Konditor & catering

coop marked

Coop Marked Skåbu

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu

Tlf.: 61 29 55 19

E-post: skaabu.marked@coop.no

Åpningstider: Man-Torsdag: 9-18

Fredag: 9-20, Lørdag: 9-18. Søndag: 12-16




SKABU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

RN MEDLEM
REGNSKAP
NORGE

Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie

WEIKLE

Tlf 9005 4040 - post@weikle.no
www.weikle.as

 **Hageland**
Bjørke

Tlf 915 75 074

Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger

ELEKTRIKERN AS
FRON

Nedregata 60, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 20 10



**PEER GYNT
CATERING**

Vi leverer selskapsmaten
til ditt arrangement
på hytta eller jobben

Peer Gynt Catering AS
Øvregate 23
2640 Vinstra

Mob: 971 96 733
Epost: kjetil@peergyntcatering.no
www.peergyntcatering.no

*Bakken
Begravelsesbyrå*

Tlf. 47 68 22 27

FRON TAXI




 **48 90 95 00**

 **Dale-
Gudbrands**
Trykkeri a.s

www.dg-trykk.no

2635 Tretten

tlf. 61 27 73 50



GUDSTENESTER I NORD-FRON VÅREN 2026

DAG/DATO/TXT	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
Maria bodskapsdag 22. mars Lik 1,26-38		19.00 Høgmesse/nattverd		11:00 Fam.gudstjeneste/nattverd/ 6 årsbok
Palmesøndag 29. mars Joh 12,12-24			11:00 Fam.gudstjeneste/nattverd/ 6 årsbok	19:00 Kveldsmesse/nattverd
Skjærtorsdag 2. april. Mat 26,17-30	17:00 Kyrkja Nattverdsgudstjeneste	19:00 Nattverdsgudstjeneste		
Lansgfredag 3. april Joh 18,1-19,42	11:00 Kapellet Langfredagsmesse			19:00: Langfredagsmesse 21:00: Sikkilsdalen/ Påskeandakt
Påskedag 5. april. Luk 24,1-9	11:00 Kyrkja Høgtidsgudstjeneste/nattverd	18:00 Høgtidsgudstjeneste/nattverd	11:00 Høgtidsgudstjeneste/nattverd	11:00 Høgtidsgudstjeneste/nattverd
2.påskedag 6. april. Luk 24,13-35	11:30 Sundheim Høgtidsgudstjeneste/nattverd			
2. s. i påsketida 12.april Joh 21,1-14	19:00 Kapellet Høgmesse/nattverd/ Konf.innskrivning			11:00 Høgmesse/nattverd/ Konf.innskrivning
3. s. i påsketida 19. april Joh 10,11-18			11:00 Høgmesse/nattverd/ konf. innskrivning	
4.s.i påsketida 26. april Joh 16,16-22		11:00 Høgmesse/nattverd/ Konf. Innskrivning		
Arb.intern.solid.dag 1. mai. Luk 6,31-36		11:00 Solidaritetsmesse		
5. s. i påsketida 3. mai. Joh 15,1-8	19:00 Kyrkja Samtalegudstjeneste/nattverd		11:00 Høgmesse/nattverd	
Laurdag 9. mai Luk 18,1-8	Kyrkja 10:00 Høgmesse med konf. 12:00 Høgmesse med Konf.			
6. s. i påsketida 10. mai. Luk 18,1-8	Kyrkja 11:00 Høgmesse med konf.			
Helgetorsdag 14. mai Mark 16,19-20		11:00 Høgtidsgudstjeneste/ Samtalegudstjeneste/nattverd		
Grunnlovsdagen 17. mai. Luk 1,50-53	10:00 Ruste bygdaus: BFO 11:30 Kyrkja: BFO	11.30	09.30	14.30: BFO
Pinsedagen 24. mai Joh 20,19-23	11:00 Kyrkja Høgtidsgudstjeneste/nattverd	11:00 Høgtidsgudstjeneste m/ konfirmasjon BFO	19:00 Høgtidsgudstjeneste/ Samtalegudstjeneste Kvikne og Skåbu BFO	
2.pinsedag 25. mai. Joh 16,5-11	11:30 Sundheim Høgtidsgudstjeneste/nattverd			
Laurdag 30. mai Mat 28,16-20			11:00 Høgtidsgudstjeneste m/ konfirmasjon BFO	
Laurdag 6. juni Mat 3,11-12				11:00 Høgtidsgudstjeneste m/ konfirmasjon BFO
2. s i treeiningstida 7. juni Ma1 3,11-12	11:00 Kyrkja Visitasgudstjeneste m.Biskop BFO/CSH			
3. s.i treeiningstida 14. juni. Luk 14,15-24		11.00: Kirketeigen Krøllemesse		
4. s. i treeiningstida 21. juni. Mark 10,17-27	19:00 Kapellet Kveldsmesse/ nattverd		11:00 Høgmesse/nattverd	
5. s. i treeiningstida 28. juni. Ma1 7,15-20	11:00 Kyrkja Høgmesse/ nattverd			
Aposteldagen 5. juli. Luk 5,1-11		19:00 Kveldsmesse/nattverd		12:00 Bakkestugu frilutsmesse

Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, annonse i GD, heimesida og facebook. (BFO: Benjamin Fjellheim Olsen)



www.dg-trykk.no

Kyrkjebladet ynskjer alle
lesarane God Påske!

KYRKJA I NORD-FRON er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron

